



Åseral Idrettslag  
4540 Åseral

## Årsmøte, Åseral Rådhus møterom Monn, torsdag 31. mars 2016 kl. 18:00



Frå Bortelid Triathlon, 5.09.15  
Foto: Matthias Banholzer

### Sakliste:

1. Opning v/leiar
2. Godkjenning av sakliste/innkalling
3. Val av dirigent og referent
4. Val av to personar til å skrive under møteprotokollen
5. Årsmelding 2015
6. Rekneskap 2015/budsjett 2016
7. Fastsetjing av medlemskontingent 2016
8. Innmelding av laget i Norsk Triathlonforbund – Kontingent på 500,- per år
9. Handsaming av ny lovnorm frå Noregs Idrettsforbund – sjå vedlegg
10. Val 2016
  - a. Innstilling frå valkomiteen  
(Leverast ut på årsmøtet)
  - b. Åseral idrettsråd:  
Val til Åseral idrettsråd:  
*Innstilling frå styret: Leiar og nestleiar (1år)*
  - c. Val av delegat til idrettskretstinget:  
Val til Idrettskretstinget:  
*Innstilling frå styret: Leiar + vara (nestleiar) (1år)*  
*Merk: Åseral Idrettsråd kan deltake på Idrettskretstinget med 1 representant*

d. Valkomiteen

*Innstilling frå styret:*

1. ungdomsrepresentant: Rune Hårtveit

Ellen Ubostad Håland og Anne Kristine Arnesen - på val 2017

11. Handsame innkomne forslag: Ingen

## Årsmelding Åseral idrettslag 2015

Styret hadde i 2015 slik samansetting:

Jan Oddvar Lineikro (leiar), Kristine Tøsse (nestleiar), Hilde Stuestøl Berg (kasserer) og Tove Utengen (sekretær). I tillegg har Eirin Åsland (leiar vintergruppa), Kristine Forgard (leiar sommargruppa), Maik Hårtveit (leiar fotballgruppa) og Britt Enny Haugland Åsland (leiar hallgruppa) vore ein del av styret.

Styret har i 2015 hatt 7 møte, i tillegg til årsmøte.

Åseral Idrettslag har ved leiar i tillegg representert idrettslaget i fleire styrer/prosjekt, synar her til eigen omtale i årsmeldinga.

### Medlemer 2015:

Åseral idrettslag har pr. 01.01.2016 374 medlemer, dvs. ein auke på 25 medlem frå 01.01.2015.

Eit medlemskap avsluttast når kontingenten ikkje blir betalt etter 2. purring. Etter vedtak frå styremøte 1.6.15, vil det bli lagt på eit gebyr på kr. 50,- per utsendt purring.

Frå 1.7.2015 vart gamal teneste avvikla og ny avtale om eit medlemsarkiv vart gjort med Noregs Idrettsforbund. Den nye løysinga heiter KlubbAdmin.

Medlem kan generere medlemskort via tenesta Min Idrett på nettet.

### Kontingent 2016:

Innstilling frå styret:

<i>Vaksne</i>	<i>kr. 350,- (frå og med året medlemen fyller 19)</i>
<i>Born</i>	<i>kr. 150,-</i>
<i>Familie</i>	<i>kr. 650,-</i>
<i>Pensjonist</i>	<i>kr. 150,- (frå og med året medlemen fyller 65)</i>
<i>Treningsavgift for ikkje-medlem</i>	<i>kr. 500,-</i>

### Økonomi:

Årsrekneskapet til ÅIL er revidert og synar for 2015 eit underskot på kr. 175.549,-. Det var budsjett med eit underskot på kr. 186.935,-. Hovudårsaka til underskotet er ei innbetaling pålydande kr. 300.000,- til Åseral kommune, som delfinansiering av fotball/friidrettsanlegg.

Drifta for rekneskapsåret 2016 er tenkt budsjettert med eit null-resultat. Nye undergrupper utarbeidar eigne budsjett.

### Tilskot og stipend:

Idrettslaget fekk inga søknadar om tilskot eller stipend i 2015.

## Aktivitetar 2015:

Åseral idrettslag har i 2015 organisert følgjande faste aktivitetar:  
Dame- og herretrim, friidrett, volleyball, fotball, fredagsbading og skirenn.

Idrettslaget har og vore med å arrangere Bortelid Triathlon og skirennnet Bortebeineren i samarbeid med Bortelid Skisenter. Det visast elles til egne årsmeldingar frå undergruppene.



**Frå romjulas futsal-turnering i Fleirbrukshallen, 28.12.15.**



**Tur for alle! Ein glad gjeng!**



**Tre generasjonar samla på den islakte ballbingen.**

## Åseral Idrettspark/Møykjeplassen:

Også i 2015 vart det lagt ned stor dugnadsinnsats på det nye idrettsanlegget og uteområdet for ungdomsskulen. Lagerbygg i nordenden av anlegget samt klatre og buldrevegg, blei ferdigstilt. Innbytterbuer blei beisa, i tillegg blei også ballbingen renoverert med nytt kungtgrasdekke.

Kommande sesong vil ÅIL bidra med ytterlegare dugnad. Me nemnar her ferdigstilling av uteområdet ved ungdomsskulen, Møykjeplassen.

Totalt har ÅIL forplikta seg til å bidra med dugnad/kapital for 1,5 mill. I forbindelse med denne avtalen overførte ÅIL kr 300.000,- til kommunen som bidrag for fotball- og friidrettsanlegget.

**Ei stor takk til alle som har bidrege så langt!**



## **Samarbeidsavtale med Intersport Evje:**

Åseral idrettslag har samarbeidsavtale med Intersport Evje AS.

Medlemer får dermed rabatt på diverse sportsartiklar på Intersport Evje. Sjå vår heimeside for detaljert informasjon om rabattane. Avtalen blei reforhandla i 2015. Medlemskort må framvisast ved slike rabatterte kjøp. I tillegg får medlemer 15 % på varer hos Løplabbet.

## **www.aail.no/Facebook:**

Styret har i 2015 jobba vidare med å bygge opp ei ny, oppdatert og meir oversiktleg heimesida. Målet må vere at heimesida kan gje svar på det ein måtte ynskje å vite på ein enkel måte. Samstundes brukast facebook-sida vår i stor grad som enkel, tilgjengeleg og rask informasjonskanal.

## **Grasrotandelen:**

Åseral idrettslag er registrert i Frivillighetsregisteret og deltek dermed i Grasrotandelen.

Det totale genererte beløpet i løpet av året 2015 vart 39.296,-. Ein auke på ca. 4000,- frå 2014.

## **Politiattest:**

Trenarar, instruktørar og lagleiarar med eit tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige eller menneske med utviklingshemming er pliktig til å innhente og framvise politiattest. Gruppeleiarane har ansvar for å sjekke at dette blir gjort når nye trenarar byrjar. Sekretær i ÅIL administrerer ordninga.

## **Sponsoravtaler:**

Sponsoravtalen med Sparebanken Sør vart fornya i 2014. Eit eingongsbeløp på 40.000,- utbetalt i 2014 og ei årleg innbetaling på 7000,- (for åra 2014, 2015 og 2016) gjev ÅIL eit sponsorbeløp på 20.333,- årsvis dei tre åra. Avtalen må reforhandlast innan utgangen av 2016.

Som motyting får lokalbanken:

1. Reklame på drakter og overtrekksdressar, stor logo på bryst på drakter og stor logo på rygg på overtrekksdressar
2. Reklame på startnr., start/målsegl som blir brukt i laget sin regi
3. Medlemskontingentar skal innbetalast til idrettslaget sin konto i Sparebanken Sør
4. Logo som sponsor på nettsida med link til banken si nettside
5. Logo og info om avtalen i årsmeldinga

## **Bortelid ski-arena:**

Åseral idrettslag sit som eigar av eit unikt skiskyttaranlegg på Bortelid.

Bortelid Anlegg og Arrangement (BAA) drivast av seks idrettslag og leiger Bortelid Ski-arena av ÅIL.

BAA i samarbeid med ÅIL søkte om spelemidlar til tidtakarutstyr for arenaen i 2014. Desse midlane fekk ei førehandsgodkjenning, utstyret vart kjøpt inn og montert før sesongopning med skiskyttarrenn i desember. ÅIL forskoterte desse midlane for BAA, som da er å anse som eit privat lån. Totalkostnad inklusiv dugnad er på kr. 134.450,-, og bokført gjeld per 31.12.15 er kr. 101.106,- Idrettslaget vil arbeida vidare med å utvikle anlegget på Bortelid saman med samarbeidspartnarar.



*Skiskyttararenaen på Bortelid.*

### **Fredagsbadinga:**

Åseral idrettslag administrerer ordninga og tek årleg imot ein sum frå Åseral kommune på dette. I 2015 vart denne indeksjustert til kr. 27.567,-.

Det stillast krav til badevaktene om å deltake på livredningskurs. Dersom meir enn 12 månader har gått sidan den einskilde hadde kurs sist, må nytt kurs gjennomførast. Livredningskursa blir annonsert samstundes som vaktene fordelast. Kursa blir halde på hausten. Badingar der inga av badevaktene har delteke på livredningskurs, blir avlyst. Synar elles til årsmelding frå Hallgruppa.

### **Ljosløype Kyrkjebygd:**

Åseral idrettslag har ansvar for og tek kostnadane for oppkøyring av Ljosløypa. Åseral kommune gjev eit årleg tilskot på dette på kr. 25.000,-.


### **Representasjonar:**

Åseral idrettslag eig 17 % av aksjekapitalen i Byremo Kulturbygg. Leiar er medlem av styret i Byremo Kulturbygg og møter på generalforsamling. Leiar representerer Idrettslaget i prosjektgruppa «Bortelid, fjellparadiset nær deg» og i styret i Åseral Frivilligsentral.

### **Takk:**

Åseral idrettslag takkar trenarane og leiarane i dei ulike aktivitetane, alle som har delteke på dugnad av ulik slag, badevakter og ikkje minst alle deltakarane som stiller opp på våre treningar og arrangement.

Spesielt er me stolte av å ha blitt utnemnd til «Årets Tine Fotballskole 2015». Takk til Renee og Maik!



Åseral, mars 2016

Jan Oddvar Lineikro (sign.)

Kristine Tøsse (sign.)

Hilde Stuestøl Berg (sign.)

Tove Utengen (sign.)



# Årsmelding for sommergruppa 2015

**Gruppekontakt:** Kristine Forgard

**Gruppemedlemmar:** Nina Ludwig, Oddvar Austegard

Stina Åsland står oppført som ungdomskontakt.

## Kva har me gjort i 2015?

### **Klatresundag:**

En familiesundag med klatring for alle aldere, på Bortelid. Ca 20 stykk møtte opp, og Nina, Matthias og Oddvar stilte som klatreinstruktørar i fjellveggar dei sjølv har laga til sikring i. Tove hjalp til. Veldig populært! Fleire ville gjerne ha fleire slike klatresundagar.

### **Torsdagsturen (gåtur for alle):**

Her hadde me gåtur for alle kvar torsdag i september, samt to torsdagar i juni, og to torsdagar i august. Dette skal vere eit lavterskeltilbod for alle- uansett form, der vi skulle gå nye løyper og veger kva gong- for også å bli litt bedre kjent med bygda og Åseral. Det kom mange forskjellige kvar gong, flest damer, men også nokre menn. Det møtte opp mellom 7-22 stykk kvar gong. Håper på å få med enda fleire når me starter opp att til våren (juni). Tenker også å merke turane etter vanskelighetsgrad, slik at det er lettare å sjå kva turen krev av fysikk\form. Nokon har påpeika at turane er litt vel harde.

**Nissemarsj:** Turen gjekk frå Minne rundt Nordstova og tilbake til Rådhuset. I Nordstova hadde Olav Åsland tent opp bålpanna, og fortalde om merkelige hendingar på garden, og at han kanskje trudde det var nissen som sneik rundt. Borna måtte rope nissen ut av låven, og sanneleg kom han ikkje og.. med ei lita gåva til kvar av dei små borna. Det blei også song ved låven. Vel tilbake på Minne fekk alle medaljer for gjennomført marsj, heimelaga kakao, pølser på bål, jolemusikk, pepperkakar, kake og boller. . Det var ca. 50-60 oppmøtte- trass i pøs regn og sur vind. Veldig bra!

**Topptur til Skrivarknuten:** Utgjekk pga uvær, for andre året på rad. Her var det plan om topptur og stopp på «Gluggen». Prøver å få til denne turen til våren, eller hausten.

**Idrettsmerket:** Det blei organisert idrettsmerke-kveld i oktober, der det møtte opp 4 ungdom, 3 vaksne og 11 born. Her kunne ein ta det originale merket, eller merket for born. Det var eit kolosalt regnfall denne kvelden, surt og kaldt. Det var gratis varm drikke og bollar denne kvelden. Kankje det vil kome fleir om ein legg det litt tidligare på hausten?

**Friidrettstrening for born 7-18 år:** Fyrste trening var med landslagstrenar i sprint, Ole Magne Tveitå, med ca 20 oppmøtte jenter og gutter, i alderen 7-25, med klar overvekt på dei mellom 7-12 år. Dei fleste kosa seg veldig, men også her blei det eit voldsomt regnver. Det blei gjort forsøk på å ha trening kvar veke i heile september, men det var litt varierende oppmøte. MHI-trenar, Kalle Glomsaker, vitja også friidrettstreninga i Åseral idrettspark. Med seg hadde han Noregs raskaste mann på 5.000 og 10.000 m., Abraham Syum!

Det var også innandørstrening heile hausten. Treningar har vore Jan Oddvar og Jørn Haug, samt gjestetrenar John Besse Fjeld, også han tidlegare landslagstrenar i friidrett.

Kanskje me kan prøve å ha ein friidrettskveld for born i samanheng med idrettsmerket? Det er mykje andre aktivitetar som konkurrerer med eit nytt tiltak som dette.

**Bortelid Triatlon:** Eit flott arrangement med ca 25 påmeldte, både lag og enkeltstartande.

Her finn du følgjande distansar:

symjing – Ca700m

sykling –Ca 25,5 km (asfalt, grus og terreng)

løping: 7 km (asfalt og terreng)

**Ferdigstilling av buldrevegg ved idrettsannlegget i Bordalen:** Nina Ludwig, Tove Utengen, Matthias Banholzer og Oddvar Austegard har festa klatrefester i veggen, og gjort den klar til bruk. Topp innsats! Det var planlagt offisiell opning av denne i samband med idrettsmerkekvelen, men det utruleg dårlege veret sette ein stoppar for dette.

## Årsmelding for vintergruppa 2016

Eirin Åsland, Åshild Moi Aasland, Anita Kvåle og Tore Forgard (ungdomsrepresentant)

### Karusellrenn

*Åshild Moi Aasland, Anita Kvåle, Tore Forgard, Eirin Åsland, Bernt Elias Åsland og Jon Stian Arnesen*

På grunn av lite snø i Kyrkjebygda vart det fyrste karusellrennet, 11. januar, arrangert på Bortelid. Vidare vart dei tre neste renna i Ljosløypa i bygda, mens dei to siste renna igjen måtte arrangerast på Bortelid grunna snømangel i Kyrkjebygda. Siste karusellrennet, som og var klubbmeisterskap, var arrangert 15. februar. Det var i alt seks karusellrenn.

Bygdestafett var planlagt søndag 21. februar, og i år kontakta me både Bortelid, Ljosland og Eikerapen for å kunne reklamere og invitere hyttefolket til stafetten. Med ønska at laga skulle kle seg ut i kostymer, sjølv om det ikkje var obligatorisk. Sjølv med ekstra fokus på reklamen var det kun eit påmeldt lag (åsdølar), slik at bygdestafetten vart avlyst.



Oppmøte på karusellrenna har vore frå 38 til 69 deltakarar, her i alt 87 personar har delteke på karusellrenn. Oppmøte på renna var for det mest born opp til 15 år, to sekstenåringar og to vaksne.

Det har vore kiosk på alle renna. Kiosken har vore flittig brukt, og det har vore mykje sal av brus, kakao, pølser og små sjokoladar. Då renna har vore på Bortelid har Lasse Liestøl heldt oppe kiosken i varmestova, samt skibandet som alle har kunna nytte gratis. I tillegg har Lennart Reiersdal køyrt løypene for oss på Bortelid. Me takkar dykk hjarteleg begge to! Me bestilte og nye startnummer i år av Telenorkarusellen, her me takkar Sparebanken Sør som sponsa 5.000 kr for trykking av sponsorlogo.

Premieutdeling til karusellrenna og klubbmeisterskapet er lagt til same dag som årsmøte, 31. mars, for å igjen prøve å få fleire folk til å delta på årsmøtet.

### Skiskyting

13. mars var det familiedag på skiskyting i samarbeid med Nils og Ragnhild Aurebekk. 14 born var med på opplegget, her fem av borna var hytteturister. På same tid var 13 av innvandrane som er busett i Åseral med på kurs i langrenn. Til slutt var det felles pause med grilling av pylser.

Vintergruppa, Eirin Åsland





# Årsmelding hallgruppa 2015

---

Hallaktiviteter vil sei barneidrett, dametrim, herretrim, styrkjerom og fredagsbading.

## Årsmelding:

**Dametrimmen** har fortset som vanleg, med Eva Haugland Åsland som ansvarleg. Det har vore eit jamt oppmøte, og er ein aktivitet som mange set pris på. Trimmen har vore måndagar 1830-2030.

**Herretrimmen** er eit nyoppstarta tilbod med god suksess. Jan Oddvar Lineikro sørger for at bygdas herrar får sveitta godt kvar onsdag kl. 19-2030.

**Barneidrett** har blitt erstatta med tilbodet «FRISKUS», som er eit prosjekt knytta opp mot overvekt og fedme i ung alder. Dette er eit samarbeid mellom helsestasjonen og idrettslaget, og det er helsesyster Kristine Tøsse som har vore ansvarleg kvar måndag mellom kl 14- 15. Det har vore ca15-20 born som har delteke på tiltaket.

Private initiativ har ikkje hallgruppa oversikt over.

**Fredagsbadinga** har gått sin vante gang. Det har vore eit utvida tilbod med opent frå 1. september (før var det frå haustferien) og tilgang på bassenget i haust- og vinterferie. Badevaktene har gjennomført kurs, og det har ikkje vore eit stort problem å skaffe vakter. Ein har auka satsane for betaling, dette har ført til ein inntektsauke på dette tiltaket. Badevaktene har og levert pengane til ansvarleg for fredagsbadinga; Britt Enny Haugland- og det har vore positive tilbakemeldingar på dette. Det har vore 853 born og 233 vaksne på bading i 2015. Gjennomsnittlig vil det sei snaue 28 born og 8 vaksne pr bading. Det viser oss at fredagsbadinga er eit innarbeida tilbod som ikkje mistar populariteten.

Inntekta totalt i 2015 var 12540,- på tiltaket.

**Styrkjeromet** har det ikkje skjedd endringar med. Gjennom eit samarbeid med Åseralsheimen har alle medlemmar tilgang på styrkjeromet på kveldar og helger gjennom eit utlånssystem av nøklar og kort. Dette har fungert greitt til nå.

Hallgruppa har ikkje hatt behov for nokre møter.

Åseral 12.2.16

Leiar for hallgruppa, Britt Enny Haugland

## Årsmelding ballgruppa i ÅIL 2015

No er tida inne for ein ny rapport frå ballgruppa i Idrettslaget. Denne sesongen har me gjort følgjande:

- For dei minste har me hatt eit micro-lag. Dei har vore med i bygdeserien, delteke på Ting Cup og Byremo Cup. Trenarar har vore Marita og Embla Fagerbakke.
- Miniputter har og delteke i bygdeserien, Ting Cup og Byremo Cup. Trenarar har vore Jon Stian Arnesen, Vegard Hårtveit og Johan Patrick Olsen.
- Lilleputter har delteke i bygdeserien, Ting Cup og Byremo Cup. Trenarar har vore Aanen Breilid og Elisabeth Thorsland.
- Gutar 15 fotball (G15, avdeling 2): Laget møtte mange gode lag, fekk mange tap, men innsatsen var der i kvar kamp. Laget fekk ein sigar mot Lyngdal, det var godt for laget. Trente ein gong i veka i tillegg til kamp. Trenarar har vore Maik Hårtveit og Frank Hårtveit.
- Jenter 14 fotball (J14): trenar 1 gong i veka. ( Sjå eige ark)
- Fotballskulen blei arrangert for 2 gong. Mange påmeldte i år og, og mange friviljuge stilte opp med å lage lunsj til deltakarane. Agder Fotballkrets var på plass og var veldig nøgd med arrangementet. Stor takk til Rene Stanes, som har stått på for å få fotballskulen til å bli det som den er i dag.
- A-laget herrar fotball, 6. div. avd. 2: Trenar 1 2 gonger i veka ,pluss kamp. Laget fekk hjelp av Svein Otto "Borkis" Birkeland på hausten til treningar og han var og med på kampane.
- På sparket omtrent, laga me til ein fotballturnering i romjula. 4 juledag hadde me FUTSAL turnering, der me inviterte bygde- og hyttefolk til å delta. 20 påmeldte lag blei det. Starta kl. 17.30 og varte til kl. 00.30. Alt gjekk knirkefritt, alle var nøgde og gav berre ros til ÅIL for dette opplegget.

### **Fotballen**

Alle trenarane gav seg etter denne sesongen. Tusen takk for innsatsen til alle saman.

Fotballgruppa starta då arbeid med å skaffe nye trenarar og det lykkast me med.

Nye trenarar er: MICRO - Inger A Åsland og Norun Tveit Egenes

: MINI - Jan Ove Flodquist og Johan Patrick Olsen

: Lilleputt - Michael koller og Rune Hårtveit

På alle fotballkampane for store og små, har me hatt kiosken open.

Eg vil avslutte med å si TUSEN TAKK til alle som hjelper til med aktiviteten i ballgruppa.

Utan dykkar hjelp, får me det ikkje til.

Takk for året 2015.

Maik Hårtveit

Leiar fotballgruppa ÅIL

## ÅRSMELDING J-14-17 2015

Vinter/vår: trening annakvar Tirsdag og kvar Torsdag.

Mange jenter på trening, Torsdager 15 og tirsdager 10. Er 20 jenter i troppen.

Tirsdagstreningane var temabaserte: Fair Play, keeperfokus, teknikk, skuddstyrke, osv... Hadde gjestetrenere som Eva Åsland og Gro Boge Åsheim.

Våren ble og brukt til sponsorjakt til treningsdresser, ble eit veldig godt samarbeid og dressene ble fine. Leder Jan Oddvar Lineikro fikk oversendt papirer og godkjent regnskap/oversikt av sponsorer er i orden.

Har etter påske slitt med å ha ein stabil keeper på laget, uten fast keeper mangler me stabilitet i laget. Og i haust har interessen dalt litt, mindre enn 10 stk på treningane. Har lånt ein gutt i fra G15 laget til å stå i mål på utetreningane, det hjelper på kvaliteten.

Oversikt over Cup/Treningskamper 2015.

Treningskamper: Gutter(5-7kl), G15 og Damelaget.

Innendørscup, Sørlandshallen, stilte med 2 7-er lag.

Bygland Cup aug. der stilte ingen andre jentelag, så me spilte mot G15 Bygland og Herrelaget!..(mottaket på Bygland)

Planlagt jentefotballensdag i Sørlandshallen 15 des, ble avlyst. Manglende interesse. Nina Tollefsen

**ÅSERAL IDRETTSLAG**  
**2015**

**Resultatregnskap**

Konto:	Regnskap 2015	Budsjett 2015	Regnskap 2014
<b>Driftsinntekter</b>			
Refunderbare Utlegg/videresalg	-	6 000	5 814
Sponsorer/Reklameinntekter	44 000	50 000	83 800
Inntekt egne stevner	53 236	57 000	110 133
Inntekt Fotballskole	51 700	60 000	
Grasrotandel Norsk Tipping	39 296	37 000	35 251
Tilskudd Åseral Kommune/Idrettsråd	140 000	140 000	60 000
Tilskudd Idrettsforbundet	65 363	50 237	50 237
Driftstilskudd Løypemaskin	25 000	25 000	25 000
Gaver/tilskudd fra andre	24 021		-
Mva-Kompensasjon Idrettsforbundet	22 039	25 000	23 792
Medlemskontigenter	67 727	55 616	55 616
Dugnadsvirksomhet	4 750	15 000	
Inntekt Badevakter	12 689	10 000	8 031
Godtgjørelse for badevakt	27 567	25 000	25 000
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>577 388</b>	<b>555 853</b>	<b>482 674</b>
<b>Driftskostnader</b>			
Materiell/Utstyr for salg	-		-68 131
Deltakelse i andre stevner	-12 750	-13 000	-7 300
Transport andre stevner	-	-7 899	-7 899
Utgifter i egne stevner	-35 062	-48 000	-51 824
Utgifter Fotballskole	-39 823	-40 000	
Premier egne stevner	-11 664	-13 500	-3 930
Utgifter Bameidrett	-	-5 000	-
Utlegg for viderefakturering	-6 624	-6 000	-5 814
Innleid løypekjøring	-25 000	-25 000	-30 000
Idrettsstipend	-	-3 000	-3 000
Refusjon/tilskudd Idrettsaktiviteter	-	-8 000	-8 000
Avskrivning løypemaskin	-40 000	-40 000	-40 000
Leie haller	-6 750	-5 625	-5 625
Idrettsmaterieil	-86 123	-20 000	-21 425
Datakostnader	-3 495	-1 000	-755
Idrettsstøy	-69 676	-25 000	-462
Driftskostnader bane/Idrettspark	-667	-12 500	-12 500
Regnskapshonorar	-5 950	-5 000	-4 387
Dommerutgifter	-23 877	-17 000	-12 714
Instruktørkostnader	-4 644	-16 000	-18 712
Andre kontor/Adm.kostnader	-678	-4 064	-3 468
Kurskostnader	-3 537		-
Drivstoff/Olje Løypemaskin	-3 218	-6 000	-5 147
Kjøregodtgjørelser	-8 296	-7 000	-2 754
Reklame/annonsekostnader	-	-1 500	-4 957
Årskontigenter/Lisenser	-24 457	-29 500	-27 873
Transfer/overgangskostnad	-6 000	-2 400	-1 800
Gaver	-7 090	-800	-800
Forsikringspremier	-22 606	-15 500	-14 415
Velferdskostnader	-6 733	-6 000	-1 120
<b>Sum Driftskostnader</b>	<b>-454 720</b>	<b>-384 288</b>	<b>-364 812</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>122 668</b>	<b>171 565</b>	<b>117 862</b>
<b>Ekstraordinære inntekter/utgifter:</b>			
Anleggstilskudd Idrettspark	-300 000	-300 000	-
Kostnader Kunstgressbane		-60 000	-41 457
<b>Sum Ekstraordinære inntekter/utgifter</b>	<b>-300 000</b>	<b>-360 000</b>	<b>-41 457</b>
<b>Finans</b>			
Bank og kortgebyrer	-534	-500	-454
Renteinntekter Bankinnskudd	2 696	3 000	5 188
Andre finanskostnader	-379	-1 000	-682
<b>Sum Finans</b>	<b>1 783</b>	<b>1 500</b>	<b>4 052</b>
<b>Årsresultat</b>	<b>-175 549</b>	<b>-186 935</b>	<b>80 457</b>

**Åseral Idrettslag**  
**2015**

**Balanse**

Konto: 2015 2014

**Eiendeler**

**Anleggsmidler**

Prepareringsmaskin Kassbohrer	162 000	202 000
Lån til Bortelid Skianlegg	101 106	101 106
Aksjer Byremohallen	13 674	13 674
<b>Sum Anleggsmidler</b>	<b>276 780</b>	<b>316 780</b>

**Omløpsmidler**

Idrettstøy for salg	-	35 000
Andre Fordringer	7 879	13 696
Påløpte Tilskudd(kommunen)	140 000	-
Sp.Sør Foreningskonto 3148.11.00405	243 168	219 550
Sp.Sør Foreningskonto 3148.13.02970	69	69
Sp.Sør Fastrenteinnskudd 2801.24.458	176 880	264 367
Sp.Sør "fotballbane" 2801.29.70031	1 265	197 717
Tilgodesaldoer Leverandører	18 601	-
<b>Sum Omløpsmidler</b>	<b>587 862</b>	<b>730 399</b>

<b>Sum Eiendeler</b>	<b>864 642</b>	<b>1 047 179</b>
----------------------	----------------	------------------

**Gjeld og Egenkapital**

**Kortsiktig Gjeld**

Annen Kortsiktig gjeld	5 644	12 632
Leverandørgjeld	-	-
<b>Sum Gjeld</b>	<b>5 644</b>	<b>12 632</b>

Egenkapital	858 998	1 034 547
-------------	---------	-----------

<b>Sum Gjeld og Egenkapital</b>	<b>864 642</b>	<b>1 047 179</b>
---------------------------------	----------------	------------------

# Aseral Idrettslag 2015

## Resultatregnskap pr. Avdeling

Konto:	1 Hovedlaget	2 Sommergruppe	3 Vintergruppe	4 Ballgruppe	5 Hallgruppe	Totalregnskap
<b>Driftsinntekter</b>						
Refunderbare Utlegg/videresalg	-	-	-	-	-	-
Sponsorer/Reklameinntekter	-	-	-	44 000	-	44 000
Inntekt egne stevner	-	-	4 574	48 661	-	53 235
Inntekter fotballskole	-	-	-	51 700	-	51 700
Grasrotandel Norsk Tipping	39 296	-	-	-	-	39 296
Tilskudd Aseral Kommune/Idrettsråd	140 000	-	-	-	-	140 000
Tilskudd Idrettsforbundet	62 363	3 000	-	-	-	65 363
Driftstilskudd Løypemaskin	-	-	25 000	-	-	25 000
Gaver/tilskudd fra andre	9 632	-	-	14 389	-	24 021
Spillemidler	-	-	-	-	-	-
Mva-Kompensasjon Idrettsforbundet	22 039	-	-	-	-	22 039
Medlemskontingenter	67 727	-	-	-	-	67 727
Dugnadsvirksomhet	4 750	-	-	-	-	4 750
Inntekt Badevakter	-	-	-	-	12 689	12 689
Godtgjørelse for badevakt	-	-	-	-	27 567	27 567
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>345 807</b>	<b>3 000</b>	<b>29 574</b>	<b>158 750</b>	<b>40 256</b>	<b>577 387</b>
<b>Driftskostnader</b>						
Materiell/Utstyr for salg	-	-	-	-	-	-
Deltakelse i andre stevner	-	-	-250	-12 500	-	-12 750
Transport andre stevner	-	-	-	-	-	-
Utgifter i egne stevner	-1 050	-3 798	-4 437	-25 777	-	-35 062
Utgifter Fotballskole	-	-	-	-39 823	-	-39 823
Premier egne stevner	-	-1 635	-7 104	-2 924	-	-11 663
Utgifter Barneidrett	-	-	-	-	-	-
Utlegg for viderefakturering	-6 624	-	-	-	-	-6 624
Innleid løypekjøring	-	-	-25 000	-	-	-25 000
Idrettstipend	-	-	-	-	-	-
Avskrivning løypemaskin	-	-	-40 000	-	-	-40 000
Leie haller	-	-	-	-6 750	-	-6 750

Konto:	Hovedlaget	Sommergruppe	Vintergruppe	Ballgruppe	Hallgruppe	Totalregnskap
Idrettsmateriell	-	-75 832	-	-7 634	-2 657	-86 123
Datakostnader	-3 495	-	-	-	-	-3 495
Idrettsstøy	-	-987	-	-68 689	-	-69 676
Driftskostnader banef/drettspark	-	-235	-	-432	-	-667
Regnskapshonorar	-5 950	-	-	-	-	-5 950
Dommerutgifter	-	-	-	-23 877	-	-23 877
Instruktørkostnader	-3 144	-	-	-1 500	-	-4 644
Andre kontor/Adm.kostnader	-678	-	-	-	-	-678
Kurskostnader	-3 537	-	-	-	-	-3 537
Drivstoff/Olje Løypemaskin	-	-	-3 218	-	-	-3 218
Kjøregodtgjørelser	-8 296	-	-	-	-	-8 296
Reklame/annonsekostnader	-	-	-	-	-	-
Årskontingenter/Lisenser	-135	-750	-3 500	-18 072	-2 000	-24 457
Transfer/overgangskostnad	-	-	-	-6 000	-	-6 000
Gaver	-7 090	-	-	-	-	-7 090
Forsikringspremier	-9 484	-	-2 522	-10 600	-	-22 606
Velferdskostnader	-	-	-	-6 733	-	-6 733
<b>Sum Driftskostnader</b>	<b>-49 483</b>	<b>-83 237</b>	<b>-86 031</b>	<b>-231 311</b>	<b>-4 657</b>	<b>-454 719</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>296 324</b>	<b>-80 237</b>	<b>-56 457</b>	<b>-72 561</b>	<b>35 599</b>	<b>122 668</b>
<b>Ekstraordinære Inntekter/utgifter:</b>						
Anleggstilskudd Idrettspark	-300 000	-	-	-	-	-300 000
Kostnader Kunstgressbane	-	-	-	-	-	-
Kostnader Naturklatrejungel	-	-	-	-	-	-
<b>Sum Ekstraordinære inntekter/utg</b>	<b>-300 000</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-300 000</b>
<b>Finans</b>						
Bank og kortgebyrer	-534	-	-	-	-	-534
Renteinntekter Bankinnskudd	2 696	-	-	-	-	2 696
Andre finanskostnader	-379	-	-	-	-	-379
<b>Sum Finans</b>	<b>1 783</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>1 783</b>
<b>Årsresultat</b>	<b>-1 893</b>	<b>-80 237</b>	<b>-56 457</b>	<b>-72 561</b>	<b>35 599</b>	<b>-175 549</b>

## Saldobalanse

for  
Åseral Idrettslag

Side: 1

Dato fra-til: -

Periode/år: 01 - 01 / 2015

Konto	Kontotekst	Saldo	Bevegelser i perioden		Saldo	Saldo ett
		periodestart	Debet	Kredit	periodeslutt	år tilbake
1206	Prep.maskin kassabohrer 1998mod.	202 000,00		40 000,00	162 000,00	202 000,00
1340	Lån til bortelid skianleg	101 106,00			101 106,00	101 106,00
1350	Aksjer byremohallen	13 674,00			13 674,00	13 674,00
1460	Innkjøpte idrettstøy for videresalg	35 000,00		35 000,00	0,00	35 000,00
1501	Kundefordringer 2	2 100,00	146 013,00	148 113,00	0,00	2 100,00
1570	Andre kortsiktige fordringer	11 596,05	15 140,50	18 857,55	7 879,00	11 596,05
1670	Krav på tilskudd		140 000,00		140 000,00	
1903	Kasse Fotballgruppa		50 711,80	50 711,80	0,00	0,00
1920	Sp.sør for.konto 11.00405	219 549,59	526 632,46	503 014,04	243 168,01	219 549,59
1921	Sp.sør plass.konto 02970	68,83	0,04		68,87	68,83
1923	Sp.Sør Fastrente 2801.24.45840	264 366,90	14 022,70	101 510,00	176 879,60	264 366,90
1924	Sp.Sør 2801.29.70031 "Fotballbane"	197 717,30	3 552,71	200 005,00	1 265,01	197 717,30
<b>Eiendeler</b>		<b>1 047 178,67</b>	<b>896 073,21</b>	<b>1 097 211,39</b>	<b>846 040,49</b>	<b>1 047 178,67</b>
2050	Annen egenkapital	1 034 547,07 cr			1 034 547,07 cr	1 034 547,07 cr
2401	Leverandørgjeld 2		392 459,31	373 857,99	18 601,32	0,00
2961	Annen påløpt kostnad			5 644,00	5 644,00 cr	
2990	Annen kortsiktig gjeld	12 631,60 cr	12 631,60		0,00	12 631,60 cr
<b>Egenkapital og gjeld</b>		<b>1 047 178,67 cr</b>	<b>405 090,91</b>	<b>379 501,99</b>	<b>1 021 589,75 cr</b>	<b>1 047 178,67 cr</b>
3090	Refunderbare utlegg/videresalg				0,00	5 814,00 cr
3120	Sponsorer/Reklameinntekter		1 500,00	45 500,00	44 000,00 cr	83 800,00 cr
3200	Inntekt egne stevner		500,00	53 735,80	53 235,80 cr	110 133,00 cr
3201	Inntekter Fotballskole		500,00	52 200,00	51 700,00 cr	
3401	Grasrotandel Norsk Tipping			39 296,13	39 296,13 cr	35 251,28 cr
3410	Tilskudd Åseral kommune/Idrettsråd			140 000,00	140 000,00 cr	60 000,00 cr
3441	Tilskudd idrettsforbundet		5 000,00	70 363,00	65 363,00 cr	50 237,00 cr
3442	Driftstilskudd Løypekjøring			25 000,00	25 000,00 cr	25 000,00 cr
3450	Mottatte Gaver/tilskudd fra andre			24 021,00	24 021,00 cr	
3901	Mva kompensasjon Idrettsforbundet			22 039,00	22 039,00 cr	23 792,00 cr
3920	Medlemskontigent		1 000,00	68 727,00	67 727,00 cr	55 616,00 cr
3970	Dugnadsvirksomhet			4 750,00	4 750,00 cr	
3980	Inntekt badevakt			12 689,00	12 689,00 cr	8 031,00 cr
3981	Godtgjørelse badevakt			27 567,00	27 567,00 cr	25 000,00 cr
<b>Salgs- og driftsinntekt</b>		<b>0,00</b>	<b>8 500,00</b>	<b>585 887,93</b>	<b>577 387,93 cr</b>	<b>482 674,28 cr</b>
4000	Materiell/Utstyr for salg				0,00	68 131,00
4100	Deltakelse andre stevner		12 750,00		12 750,00	7 300,00
4110	Transport andre stevner				0,00	7 899,00
4200	Utgifter egne stevner		35 061,71		35 061,71	51 823,81
4201	Utgifter Fotballskole		39 822,83		39 822,83	
4210	Premier egne stevner		14 765,00	3 101,00	11 664,00	3 930,00
4340	Utlegg for viderefakturering		6 624,00		6 624,00	5 814,00
4521	Innleid Løypekjøring		25 000,00		25 000,00	30 000,00
4600	Idrettstipend				0,00	3 000,00

LJT

Åseral Idrettslag (AID)

17.02.16 13:28

## Saldobalanse

for  
Åseral Idrettslag

Side: 2

Dato fra-til: -

Periode/år: 01 - 01 / 2015

Konto	Kontotekst	Saldo	Bevegelser i perioden		Saldo	Saldo ett
		periodestart	Debet	Kredit	periodeslutt	år tilbake
4610	Refusjon/tilskudd idrettsaktiviteter				0,00	8 000,00
	<b>Varekostnad.</b>	<b>0,00</b>	<b>134 023,54</b>	<b>3 101,00</b>	<b>130 922,54</b>	<b>185 897,81</b>
6011	Avskrivning løypemaskin		40 000,00		40 000,00	40 000,00
6300	Leie haller		6 750,00		6 750,00	5 625,00
6500	Maskiner, verktøy, ustyr		90,00		90,00	
6540	Idrettsmateriell		133 979,00	47 946,00	86 033,00	21 424,50
6553	Datakostnader/innkr.kontigent		3 495,00		3 495,00	755,00
6570	Idrettstøy		69 676,25		69 676,25	461,50
6601	Driftskostnader Fotballbane/Idrettspark		667,20		667,20	12 500,00
6705	Regnskapshonorar		5 950,00		5 950,00	4 387,50
6792	Dommerutgifter		23 876,70		23 876,70	12 714,40
6793	Trener/Instruktørkostnader		4 644,00		4 644,00	18 712,00
6800	Andre kontor/adm.kostnade		678,00		678,00	3 467,50
6860	Kurskostnader		3 537,00		3 537,00	
	<b>Driftskostn. og av- og nedskrivninger</b>	<b>0,00</b>	<b>293 343,15</b>	<b>47 946,00</b>	<b>245 397,15</b>	<b>120 047,40</b>
7001	Drivstoff/olje løypemaskin		3 218,21		3 218,21	5 146,85
7101	Kjøregodtgjørelser		8 296,00		8 296,00	2 754,00
7320	Reklame/annonsekostnad				0,00	4 957,00
7400	Årskontingenter/lisenser		24 457,00		24 457,00	27 874,00
7410	Transfer/Overgangskostnader		6 000,00		6 000,00	1 800,00
7420	Gave, fradragsberettiget		7 090,00		7 090,00	800,00
7500	Forsikringspremie		22 606,00		22 606,00	14 415,00
7770	Bank- og kortgebyr		535,00	0,60	534,40	454,00
7793	Velferdskostnader		13 733,00	7 000,00	6 733,00	1 120,00
7794	Kostnader ny Kunstgressbane/Idrettspark				0,00	41 457,00
	<b>Annen driftskostnad</b>	<b>0,00</b>	<b>85 935,21</b>	<b>7 000,60</b>	<b>78 934,61</b>	<b>100 777,85</b>
8051	Renteinntekt bankinnskudd			2 696,23	2 696,23 cr	5 188,25 cr
8170	Annen finanskostnad		434,12	55,00	379,12	682,40
8501	Anleggstilskudd Idrettspark		300 000,00		300 000,00	
8800	Årsresultat				0,00	80 457,07
	<b>Finans., ekst.ord., skatt, årsresultat</b>	<b>0,00</b>	<b>300 434,12</b>	<b>2 751,23</b>	<b>297 682,89</b>	<b>75 951,22</b>
	<b>Totalsummer</b>	<b>0,00</b>	<b>2 123 400,14</b>	<b>2 123 400,14</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>



## REVISJONSBERETNING ÅSERAL IDRETTSLAG 2015.

Årsregnskapet til Åseral Idrettslag er revidert og viser for regnskapsåret 2015 et underskudd på kr 175.549kr. Det var budsjettert med underskudd på kr 186.935 kr

Revisjonen er utført i henhold til gjeldende kontoplan for idretten i Norge og generelle regler.

Nedenfor signatur er det tatt med forhold som er avdekket under revisjonen.

Åseral, 28.04.16

Inger Lise Austrud

Inger Lise Austrud

### Forhold avdekket under revisjonen:

Det bør noteres på regninger fra Coop Bedrift hva slags arrangement regningen gjelder samt signeres av den som foretar kjøpet.

Bilag 004, 005, 018, 029, 046, 073, 131, 138, 145, 161

Mangler spesifisering:

Bilag 001,007

Mangelfull attestasjon:

Bilag 001, 006, 008, 012, 050, 052, 055, 056, 058, 076, 134, 135, 137, 142, 143, 149, 167, 168, 139, 171

Mangelfull merking/attestasjon:

Bilag 065, 074, 077, 128, 129, 130, 150, 158, 162

Det oppfordres også til at det er formenn/ledere i hver gruppe, eks sommer- og vinter gruppene som attesterer regningene til refusjoner og ulike aktivitets- og arrangementkostnader.

Det bør utarbeides egne retningslinjer i ÅIL for bilagshåndtering.

### **Viktige endringer i ny lovnorm:**

- Kontingenten må være på minst kr 100 per medlem. Årsmøtet kan imidlertid vedta at æresmedlemmer skal være fritatt for betaling av kontingent.
- Årsmøtet skal fastsette medlemskontingent og treningsavgift, eller gi gruppestyrene fullmakt til å fastsette treningsavgift for gruppens aktivitet.
- Også medlemmer under 15 år har forslagsrett til og på årsmøtet.
- Godtgjørelse til styret og daglig leder skal klart fremgå av vedtatt budsjett og regnskap.
- Regnskapsåret skal følge kalenderåret.
- Årsregnskap og årsberetning skal underskrives av samtlige styremedlemmer. Dersom idrettslaget har daglig leder skal også vedkommende signere.
- Årsmøtet skal avholdes hvert år innen utgangen av mars måned (se lenger opp i saken).
- Dersom idrettslaget har vedtatt å opprette grupper med gruppestyrer, skal hver gruppe ha et gruppestyre på minst 3 medlemmer. Se lenger opp i saken og les mer i lovnormens § 19.
- Styret i idrettslaget kan i særlige tilfeller frata et medlem medlemskapet for en periode på inntil ett år.

#### **Innstilling frå styret:**

*Styret ber om at revidert lovnorm blir godkjent og at nytt styre underteiknar dei nye vedtektene.*